

## Referat styremøte NANOS 27.10.11

Tilstade: Thomas, Pål, Fredrik, Sigurd, Elisabeth, Stefan og Ranveig

### JULEBORD

- Dato? Vedtatt fyrsteval, 15.desember. Bør snakke med Sveinung ang mogelegheit for leige av lokale den 15.desember. Dette bør gjerast snarast.
- Mogelege andre lokale: Wasteland? Hansa? Fredrik skal sjå nærmare på dette.
- SV skal ha julebord på realfagsbygget!
- Betaling for julebord skal skje via nettbank.
- Mogelegheiter for trappekran på julebord.

### FOTOGRAFERING

- Har fått fotograf til denne jobben, men uvisst kva prisen for oppdraget vert.
- Endring av dato, slik at programstyret kan delta. Ny dato 3. november?
- Vedtatt torsdag 3.november kl 12.00.
- Styret sprer ordet til andre studentar, slik at flest mogeleg deltek.

### NANOS LOGOEN SKRIVE MED ELEKTRONSTRÅLE LITOGRAFI:

- Få tak i logo. Logoen ligg på heimesida/minnepinne.
- Sende logoen til Bodil, for å høyre om logoen er god nok (oppløysing). Evt lage ny logo, høye om Nicolai kan gjere dette. Det er også ynskjeleg at logoen vert i rein svart.
- Om vi må lage ny logo bør denne innehalde ein rein C60.
- Vente med å lage t-skjortene til dette er blitt gjort, slik at dette kan motivet.

### HEIMESIDE

- Endringar: Nye fargar (kvitte oss med julefargane). Gjere sida meir oversiktleg og oppdatert.
- Ansvarsområde i styret i år:

Leiar Pål

Nestleiar Thomas

Fagleg ansvarleg Sigurd og Thomas

Sosialt ansvarleg Fredrik og Elisabeth

Økonomi ansvarleg Ranveig

Programstyre Stefan og Ranveig

Vara Julie

Ansvarsområde i fjor:

Leiar Sigurd

Nestleiar Jonas

Sosialt ansvarleg Anders

Programstyret Erlend og Ranveig

Fagleg ansvarleg Erlend

Økonomiansvarleg Oddgeir

Sekretær Maria.

Vara Julie

Alle som er på bilete og/eller tekst må godkjenne publisering. Telefon til leiar, nestleiar og programstyremedlem skal leggjast ut. Det bør og leggjast ut ein god tekst retta mot næringslivet.

### SPRINGBRETT

- Må melde oss på springbrettet før 1. november. Tar utgangspunkt i ideane frå den tidlegare søknaden, og sende ei skisse av kva vi tenkjer oss. Prøve å få maks støtte.

Thomas kan sende ein mail om kor detaljert søknaden må vere, og sende søknaden når den er ferdig.

- Næringlivsdagane til IAESTE, korleis kople dette saman til dette?

### BEDRIFTSKAMPANJE:

- Korleis gjere dette i år? Prøve å gjere det på same måte som sist?
- Bruke dei kontaktane vi fekk sist gong, høyre om bedriftsbesøk i nærområde. Dette kan vi bruke støtta frå springbrettet på?
- Høyre om nokon på studiet har lyst til å vere med å reise rundt å fortelje om studiet, i tillegg kanskje få med Knut på dette?

- Resultat: Presentere tverrfaglegheita vår på ein god måte til bedriftene, gjerne på ein populærvitskapleg måte, slik at vi fakkar interesse.

#### VEDTEKTER:

- Få snektra saman vedtektene for i år, slik at dei vert oppdatert. Må finne alle endringar, Sigurd lagar dei nye. Tek det med neste gong.

#### STATUS ØKONOMI:

- Opprette ein personleg konto. Ranveig finn ut meir om Breg.

#### SKIHELG ETTER NYTTÅR:

- På Voss? Finne ei billig ordning. Her må vi ta tog. Ranveig sjekker ut mogelegheiter på Voss. Rødekors hytte.
- Eller på Kvamskogen. Elisabeth kan sjekke ut mogelegheita her. Evt røde kors hytta.

#### MASTERPROGRAM I ENERGI

- Opprettes høsten 2012.
- Knut ser for seg at dette vil trekke enda flere bort frå masterprogrammet i nanovitenskap.

#### RU-MØTE OM NOEN FÅ DAGER

- Mye viktig som er tema på dette møtet.
- Pål Idar og Stefan skal delta.